

Overgang til digitale skjema for arbeidstidssøknader

Publisert 25.06.2019

Frå 1. september må alle som skal søke Arbeidstilsynet om gjennomsnittsberegning av arbeidstid eller utvida overtid, søke digitalt. Den digitale løysinga er alt på plass og klar til bruk.

– Den digitale søknadsløysinga gjer søknadsprosessen enklare, seier direktør Trude Vollheim i Arbeidstilsynet.

Gjennomsnittsberegning av alminneleg arbeidstid opnar for ei alternativ fordeling av arbeidstida. Dette gjer at arbeidstakaren i periodar kan jobbe meir enn grensa for alminneleg arbeidstid, mot tilsvarende mindre i andre periodar. I gjennomsnitt skal arbeidstida likevel ikkje overstige grensene i arbeidsmiljøregelverket. Arbeid ut over desse grensene for alminneleg arbeidstid, er overtidsarbeid.

Overtid er berre lovleg dersom det er særleg og tidsavgrensa trong for det. Overtid kan ikkje brukast som ei fast ordning.

Både gjennomsnittsberegning og utvida overtidsarbeid kan i nokre høve vere søknadspliktig til Arbeidstilsynet.

Betre rettleiing

Fram til no har søkerane kunna sende begge søknadstypene som e-post eller brev.

Ettersom begge søknadene krev detaljerte opplysningar og dokumentasjon i form av vedlegg, har søknadsprosessen ofte vore omfattande for søkerane.

– Det har ført til at ein stor del av søknadene har mangla opplysningar som må til for at Arbeidstilsynet kan behandle søknaden. Dermed har det vore naudsynt å hente inn tilleggsopplysningar for å få saka godt nok opplyst, fortel Vollheim.

Enklare søkeprosess

Dei digitale skjema gir søkerane betre hjelp til å fylle ut alle dei opplysningane som er nødvendige for at Arbeidstilsynet skal kunne behandle søknaden. Løysinga vil derfor truleg også føre til kortare saksbehandlingstid.

Alle søknadsskjema på området arbeidstid er no digitale.

– Dette er eit skritt i riktig retning. Etter kvart vil alle skjema til Arbeidstilsynet bli digitale, seier Vollheim.

Sluttar å ta imot søknader per post og e-post

Frå 1. september vil berre dei søknadene som kjem inn via dei digitale løysingane, bli behandla.

Sikrere måte å søke på

Digital søknad er ein sikrere måte å søke på enn papirbaserte løysingar. Søkaren logger seg på via ID-porten, og søknaden blir lagra på Altinn. Da kan den som søker, finne att søknaden sin der.

Her er dei nye skjema:

- [Søknad om gjennomsnittsbereking av arbeidstid](#)

Skjemaet er utvida og inkluderer no søknad om arbeidstid som fråviker kravet om arbeidsfri periode eller arbeidstid på 13 timar.

- [Søknad om utvida overtid](#)

Fleire søker om alternative arbeidstidsordningar

Dei siste ti åra har Arbeidstilsynet sett ein klar auke i talet på søknader om ulike arbeidstidsordningar. I 2008 var talet 1608. Ti år seinare var talet auka til 2209. Det gir ein auke på litt over 35 prosent. Arbeidstilsynet får flest søknader om gjennomsnittsbereking av arbeidstid frå bygg- og anlegg, verft og helse og omsorg.

– Vi ønsker at søkerane tar i bruk dei digitale skjema med det same. Det gir ein meir effektiv søkeprosess for både søkerane og saksbehandlarane våre, seier direktør Trude Vollheim.

Kontaktperson

Jens Erik Romslo, leiar for arbeidstidseininga i Arbeidstilsynet.

E-post: jens.erik.romslo@arbeidstilsynet.no

Telefon: 986 76 648